

## Møte i Grendautvalet i Vats 10/3 - 2016

Frammøtte: Liv Vatnedal, Andreas Lundegård, Karin Frøland, Wenche Torstveit

- Innkomen sak frå Monica Nesheim ang tomta til Hatteland som er planert og ubebygd pr dags dato, men hvis det eventuelt skal settes opp et bygg der vil det sperre utsikten til fjorden frå Åmsosen?  
Det er ingen byggetillatelse på tomta nå. Grendautvalet tar saken til etterretning og avventer til det evt kjem ein byggetillatelse der.
- Liv og Wenche hadde eit møte der det blei sendt mail til Vindafjord kommune, ang reguleringsplan på lysprosjekt langs E134, krysset ved Knapphusfeltet og sykkel og gangveg frå Kårhus til Knapphus, ein mail til Arne Bergsvåg ang sykkelveg frå Kårhus til Knapphus, og til Statens vegvesen ang lysprosjekt langs E134.

Fekk kjapt svar fra Arne Bergsvåg, han er usikker på detaljene men det skal lagast ein ny handlingsplan for fylkesvegane etter sommaren, då håpa han å ha med prosjektet der.

Statens vegvesen refererte til svar fra sept 2015 der svaret var at dei ikkje har fått tildelt midler til vegbelysning langs E134. Dei kjenner til saken og den står høgt prioritert. Vindafjord kommune har til dags dato fortsatt ikkje svart på mailen.

- Liv og Andreas har vore på møte om kommuneplan. Kommuneplanen skal ut på høyring og blei lagt ut på mandag, alle grendautval kan komme med innspel. Den ligg på vindafjord kommune sine nettsider frå 14/3 til 2/5. Grendalutvalet oppfordrar styremelemmene om å gå inn der og sjå på det og kom med evt kommentarar.
- Liv har vore på møte ang kulturdelen av kommuneplanen, der blei det tatt opp kva som bør tas vare på i de forskjellige bygdene. Dette skal ut på høyring på sikt.
- Høyringsuttalelse i forhold til kommunesamanslåing . Grendalaget sender innspel til kommunen innan 15/4. Sjå eget skriv.
- Til neste styremøte prøver me å få med oss Ole Johan Vierdal, Liv høyrer med han om han har mulighet til å komme.
- Andreas høyrer med Harald Velde om han kan komme på neste styremøte og informere om arbeidet med Vatsvassdraget.
- Sr-bank, Grendalaget sender ein mail til banken i forbindelse med at dei har kutta ut minibanken på Knapphus.
- Vatsnett, opplyse om nytt styre og sende referat.
- Neste møte: 12 mai kl 19.00